



HARAM
KOMMUNE
RÅDMANNEN

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 103127-	Doknr.: 79
Mottatt: 30 JUN 2004	
Sakbeholdning: ASR/JUR/EDA	Ark.: 440
Kopi:	Avskr.:

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
005410/04/NES

Dykkar ref

Saksnr.
04/00479

Arkivkode
V04

Dato
29.06.2004

Melding om vedtak frå møtet i Kommunestyret den 24.06.2004.

Saknr: 41 / 04

Sakstittel: **MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING-ODELSUTVALET
SI INNSTILLING**

Vedtak med 25 mot 12 røyster:

Haram kommunestyre syner til saksutgreiinga og vil rå til at odelsretten vert avskaffa.

Dei samfunnsmessige omsyna odelslova tidlegare har ivareteke, kan stettast gjennom konsesjonslova.

Skulle noko vere uklart, eller De ønskjer ytterlegare opplysningar, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing



Jan Farstad
Einingsleiar

Vedlegg:
1.

Kopi til: Møre og Romsdal fylke

Saksutgreiing med framlegg frå Rådmannen:

Saksutgreiing

Arkivsak: 04/00479 A
Sakstittel: HØYRING-ODELSUTVALET SI INNSTILLING

Framlegg frå Rådmannen:

Haram formannskap syner til saksutgreiinga og vil rå til at odelsretten vert avskaffa. Dei samfunnsmessige omsyna odelslova tidlegare har ivareteke, kan stettast gjennom konsesjonslova.

Vedlegg:

Kopi av utgreiing frå Møre og Romsdal fylke og vedtak i fylkeslandbruksstyret.

Saksutgreiing:

Odelstovutvalet fekk i oppdrag å evaluere verknader av og kome med framlegg til endringar av odelslova. Vidare fekk gruppa som tilleggsmandat av landbruksminister Sponheim å vurdere om odelslova burde oppretthaldast eller avviklast.

Utvalet har gjort framlegg til endringar i odelslova,ma. heving av arealkravet til odlingsjord frå 20 da jordbruksareal til 50 da.

Eit fleirtal av utvalet sine medlemmer meiner at odelslova bør oppretthaldast.

Framlegget er sendt ut på høyring med høyringsfrist 1.juli.

Odelstov har vore eit sentralt element i samfunnsutviklinga på bygdene og i forminga av eigarstrukturen i landbruket. Ein finn det difor rett å gi dei politriske organa i kommunen høve til å drøfte framlegga i høyringa og ev. gi ein uttale.

Som vedlegg til saka ligg kopi av utgreiinga i Møre og Romsdal fylke og handsaminga i fylkeslandbruksstyret.

VURDERING:

Odelstovgjevinga har røter tilbake til ættesamfunnet og er ein fortrinnsrett for slekta til å ta over landbrukseigedomar. Odelstov gir vidare medlemmer av slekta løysingsrett når eigedomen ved fritt sal eller tvangssal kjem ut av slekta.

Det er ei vanleg oppfatning av odelslova har medverka til spredning av eigedomsretten til landbruksareal og medverka til at Noreg har vore eit meire egalitert samfunn enn dei landa der eigedomsretten til jorda har vore samla på få hender.

Det har vidare vore ei vanleg meining at odelslova har forma den norske bonden si haldning til forvaltning av naturressursane-ein har eit ansvar for å ta vare på garden overfor slekta.

Strukturendringane i landbruket har ført til ei omfattande bruksnedlegging. I Haram er det no om lag 120 landbrukseigedomar i drift av totalt om lag 300 eigedomar med eit jordbruksareal over 20 da.

Det er uten tvil slik at landbruksareala vert best forvalta når brukaren og eigaren er same person. Eigaren av ein landbrukseigedom som ikkje gjev inntekter vil nødvendig investere i eigedomen. Avhending av landbruksareala til andre føremål enn landbruk vil som oftast vere mest økonomisk fordelaktig.

Odelslova er eit hinder for omsetnad av landbrukseigedomar. Det er jo slik lova er meint å verke. Landbrukseigedomar vert overteke med element av plikt og jordbruksareala vert vekklege.

Intensjonane i jord og konsesjonslova er at landbruksareala i størst mogleg grad skal eigast av brukaren. Det er likevel slik at areala av leigejord er aukande.

I områder med sterk bruksnedlegging medverkar odelslova til ein dårlegare forvaltning av landbruksressursane.

Det er vidare slik at konsesjonslova kan nyttast til motverking av ev. uheldige utviklingar i i edomsstrukturen .

For å stette krava til rasjonelle drifteiningar og for å medverke til ei god forvaltning av landbruksressursane, bør difor odelslova avskaffast og pålegget om bu og driveplikt på landbrukseigedomar forvaltast gjennom konsesjonslova.

Rådmann

Nils Edvin Sanden
jordbrukssjef